

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 17.08.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Jan Tore Huus, Marta Samland, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Tirill Eiken

Referent: Kaia

Sak 2021/42: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2021/43: Godkjenning av referat frå styremøte 08.06.2021. Godkjent

Sak 2021/44: Eigedomar:

- Potensiell leigetakar i barnehagedelen på kulturhuset, etter at Herand Kraft flytter ut: Ole tar ein synfaring med leigetakar om disponering av lokala, og prøver å finne ei løysing. Bygdelaget vil prøve å disponere den totale utleiga sånn at det er eit lager/kontorlokale ledig.
- Kulturhuset, framleis høgt avløpsgebyr. Styret er i dialog med røyrleggjar som installerte vassmålur og kommunen. Saken følgjast opp vidare.

Sak 2021/45: Tilstellingar:

- Haustdugnad, denne vert laurdag 18. september kl. 10.00. Oppmøte ved kulturhuset eller brua til Sævare. Styret set opp arbeidsoppgåver på møte 14. sept. Velkommen.
- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen 2021. Herand bygdelag inviterer turistvertar og andre interesserte til møte på kulturhuset tysdag 28. sept. kl. 19.00. Velkommen.
- Julebasar onsdag 29.12; uansett smittevernnivå vert det sal av lodd på bok i desember. Det er eit mål å avhalde basar i gymsalen. Innsamling av gevinstar er i gang, og gåver vert motteke med stor takk.

Sak 2021/46: Økonomi:

- Kasserar orienterte om ymse søknader. Så langt viser rekneskapen overskot dette året.

Sak 2021/47: Nærmiljøanlegget:

Status: Fylket har avslått søknad på tippemidlar kr. 600.000,- i år, men godkjent at søknaden tilfredsstillar krava til støtte. Søknaden ligg då i «køen» til kommunen, og vil få støtte etter kvart. Alle apparat og dekke er bestilt, og arbeidet vil starte når utstyret er på plass i bygda.

Sak 2021/48: Friluftsveko 4. – 12. september:

- Styret har motteke e-post vedk. dette. Herand Bygdelag har sendt invitasjonen til Idrettslaget og Luren 4H, og oppmodar dei om å lage eit arrangement.

Fellesorganisasjonen Norsk Friluftsliv feirer Friluftslivets uke 4. - 12. september der målet er å få fleire ut i naturen, ha det kjekt og skapa flest mogleg gode minne.

Dette ynskjer vi å ta del i her i Ullensvang, og oppfordrar ditt lag til å delta med eige arrangement.

De deltar ved å til dømes å arrangera ein tur, bærplukking, padletur, klatring, fuglekikking, bålkos, fotokonkurranse eller andre kreative aktivitetar som gir gode naturopplevingar for små og store.

Meld inn arrangementet ditt til frivillig@ullensvang.kommune.no så raskt som mogeleg - og gjerne innan 20. august. Vi legg det inn på ei samla oversikt over Friluftsveko på www.kvaskjerkultur.no

Les meir om Friluftslivets uke her: <https://friluftslivetsuke.no/>

Sak 2021/49: Andre saker/eventuelt:

- Info etter møte med kommunen v/Bente Bjotveit vedk. badeplass/fellesareal 08.06: Kommunen har hatt dialog med Kramsjø om parkering ved nedgang til badeplass. Nedgangen skal være fri for parkerte biler. Me fekk tilbod om ei stor blomakasse i nedgangen, men takka nei til denne. Badeplassen er skiltet på veggen til «skuret». Det er sikkert mogleg å få byggja badehus, men dette må bygda ordne og koste sjølv. Bygdelaget har ikkje kapasitet til dette arbeidet no, her trengs nokon eldsjeler som kan ta fatt.

Neste styremøte tysdag 14.09.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus